

## Referat frå møte mellom UngVest og Vestland fylkeskommune 29. september 2020

**Dato:** 29. september 2020

**Møtestad:** Teams / videomøte

**Til stades:** Ingrid Otnes (arbeidsgruppa UngVest), Johannes Kalsaas (arbeidsgruppa UngVest), Thomas Valdørsnes (arbeidsgruppa UngVest), Øystein Rambjørg (styreleiar UngVest), Atle Johannesen (organisasjonssekretær UngVest), Ørnulf Samdal (advokat / representerer UngVest), Marianne Ose Askvik (Vestland fylkeskommune), Ronny Skaar (Vestland fylkeskommune), Åge Avedal (Vestland fylkeskommune)

### 1. Gjennomgang av innhald frå Deloitte sitt notat etter kontroll av tilskotsmottakar

Deloitte sitt notat etter kontroll av tilskotsmottakar UngVest vart presentert og gjennomgått av Åge Avedal. Deler av notatet er unndratt offentlegheita grunna omsyn til personvern, og ein sladda versjon var sendt ut til møtedeltakarane i forkant av møtet.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune vil få lagt fram notatet som referatsak i møte 14.-15. oktober. Referatsaka var meldt opp til møtet i hovudutvalet 16. september, men vart utsett då møtet vart gjennomført digitalt, og saka ikkje kunne handsamast då delar av notatet var unndratt offentlegheita.

### 2. Vidare arbeid i UngVest etter ekstraordinært årsmøte 16. april

Ingrid Otnes presenterte arbeidet i arbeidsgruppa, og vart supplert av Johanne Kalsaas. Mandatet til gruppa har vore å sjå på økonomien til UngVest og førebu nedlegging av organisasjonen. Gruppa vart etablert etter vedtak i ekstraordinært årsmøte i UngVest april 2020.

Gruppa har hatt to møte, og har bedt om opplysningar om den økonomiske situasjonen og eigenkapitalen til UngVest. Gruppa tilrår utflytting frå dagens kontor for å redusere kostnader. Gruppa har kome med innspel om at det er viktig å få slutført arbeidet med Erasmus+-prosjekta. Gruppa ser at UngVest har eit usikkert inntektsgrunnlag framover. Arbeidsgruppa tilbyr si hjelp, men saknar opplysningar for å kunne få gjort jobben dei er bedt om gjere..

Atle Johannesen svarte at det er kontakt med huseigar, men at avtalen seier at UngVest må stå som leigetakar av kontoret ut 2020. Opplysningar og svar som gjeld økonomi vil arbeidsgruppa få i løpet av kort tid.

Det vart avtalt eit møte innan kort tid mellom organisasjonssekretær, styreleiar, advokat Ørnulf Samdal og arbeidsgruppa.

### 3. Økonomi / søknad om driftsmidlar

Vestland fylkeskommune tok imot søknad om driftsstøtte frå UngVest i januar 2020, men har ikkje behandla denne i påvente av notatet frå Deloitte etter kontroll av tilskotsmottakar. UngVest vart oppmoda om å sende inn oppdaterte opplysningar til søknad, slik som endra budsjett og arbeidsprogram i tråd med vedtak gjort av ekstraordinært årsmøte.

#### 4. Eventuelt

Ronny Skaar og Åge Avedal orienterte om arbeidet i Vestland fylkeskommune med kunnskapsgrunnlag for frivillig sektor og frivilligstrategi. Paraplyorganisasjonar for frivilligheita vil vere eit av tema i dette arbeidet, og deltakarane i møtet vart invitert til å komme med innspel og til å delta på digital frivilligkonferanse måndag 12. oktober kl. 14 - 16.

*Åge Avedal*  
*- referent -*

Mottakarliste  
Øystein Rambjørg  
Ingrid Otnes  
Thomas Valdersnes  
Johanne Kalsaas  
Atle Johannesen, UngVest  
Ørnulf Samdal

Kopi til:  
Ronny Bjørnar Skaar  
Marianne Ose Askvik